

LEDIG STILLING SOM FEIARLÆRLING I SOGN BRANN OG REDNING IKS

Sogn brann og redning IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal og Luster. SBR IKS har sitt hovudkontor i Sogndal. Pr. dags dato har selskapet 11 heiltidstilsette (av desse 4 feiarstillingar) og ca. 100 deltidstilsette fordelt på 9 brannstasjonar/depot. Førebyggjande avdeling har ansvar for tilsyn med 250 særskilte brannobjekt og feiing/tilsyn med ca. 7 500 fyringsanlegg.

I tillegg til førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver ihht. brannlova er også kommunane sitt ansvar for byggetilsyn etter plan- og bygningslova lagt til selskapet (ca. ein stilling).

Selskapet er under utvikling, og lyser med det ut ein 100% stilling som feiarlærling.

Sentrale arbeidsoppgåver:

- Gjennomføre feiing og tilsyn av alle registrerte fyringsanlegg i bustader.
- Gjennomføre feiing og tilsyn av fyringsanlegg i fritidsbustader etter førespurnad.
- Oppdatere alle nye opplysningar gjeldande fyringsanlegga elektronisk for kommunane.
- Gjennomføre motivasjons- og informasjonstiltak om førebyggjande brannvern generelt.
- Det kan verte aktuelt med deltaking i overordna vakt, utrykkingsleiar eller som brannkonstabel deltid avhengig av kvalifikasjonar og bustad.

Kvalifikasjonar:

- Gjennomført grunnkurs teknisk byggfag eller liknande.
- Førarkort minimum kl. B.

Ved ev. tilsetjing av søker som ikkje tilfredsstillar kvalifikasjonskrava må vedkommande forplikte seg til å gjennomføre nødvendig opplæring etter tilsetjing.

Utover formell utdanning vil det bli lagt vekt på:

- Gode kunnskapar i og erfaring med bruk av aktuelle IKT-verktøy.
- Gode munnlege og skriftlige framstillingsevner.
- Personlig skikka, engasjert og interessert.
- Evne til å arbeide både i team og sjølvstendig, strukturert og nøyaktig. Vere fleksibel og ha evne til å skape gode relasjonar til både brukarar og medarbeidarar.
- Relevant praksis.

Vi tilbyr:

Du kan forvente ein meiningsfull, utfordrande og allsidig kvardag i et opent og engasjert miljø. Vi kan tilby fleksibel arbeidstid, løn etter avtale samt det ypparste av norsk natur som arbeidsområde.

Informasjon:

Nærare informasjon om stillinga får du hjå leiar førebyggjande Kåre Egil Skjerven tlf. 90 72 56 78 eller brannsjef Johnny Skjerping tlf. 90 74 61 03.

Søknad på stillingane skjer pr. post eller gjennom å nytte det elektroniske søknadsskjemaet som ligg på www.sogndal.kommune.no.

Sogn brann og redning IKS
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Søknadsfrist 30.08. 2013